



# TILDELINGSBREV TIL BARNEOMBODET

2025

Helga Berit Fjell (e.f.)

ekspedisjonssjef

Hans Robert Zuna

avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrivne signaturar*



Barne- og  
familiedepartementet

# INNHOOLD

<b>1.</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>RAMMER FOR VERKSEMDA</b> .....	<b>3</b>
<b>3.</b>	<b>BUDSJETTILDELING OG FULLMAKTER</b> .....	<b>3</b>
3.1.	TILDELINGAR 2025 .....	3
3.2.	FULLMAKTER 2025 .....	4
<b>4.</b>	<b>FORVALTNING, STYRING OG UTVIKLING</b> .....	<b>4</b>
4.1.	REGJERINGAS FELLESFØRINGAR .....	4
4.2.	REGJERINGAS TILLITSREFORM .....	5
4.3.	DIGITALISERING .....	5
4.4.	DIGITAL TRYGGLEIK, SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	6
4.5.	OPPFØLGING AV SPRÅKLOVA § 13 OG § 14.....	6
4.6.	OPPFØLGING AV SAKER FRÅ RIKSREVISJONEN .....	6
<b>5.</b>	<b>RAPPORTERING OG RESULTATOPPFØLGING</b> .....	<b>7</b>
5.1.	VERKSEMDS- OG REKNESKAPSRAPPORTERING .....	7
5.2.	RAPPORTERING PÅ SÆRSKILTE TEMA .....	7
<b>6.</b>	<b>STYRINGSKALENDER</b> .....	<b>8</b>

## 1. Innleiing

Barne- og familiedepartementet (BFD) viser til Stortingets handsaming av Prop. 1 S (2024–2025), jf. Innst. 14 S (2024-2025). I dette tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon utgiftsløyvinga til Barneombodet for 2025. Vidare delegerer departementet fullmakter og gjer greie for føringar og rapporteringskrav som gjeld for Barneombodet i 2025.

## 2. Rammer for verksemda

BFD viser til lov om barneombod og instruks for Barneombodet der føremålet til verksemda går fram. Det blir også vist til føringar og krav i departementets [instruks for økonomi- og verksemdstyringa i Barneombodet](#). Barneombodet har til oppgåve å fremje barns interesser, og skal følgje med i utviklinga av barns oppvekstvilkår.

Ombodet skal særleg:

- gjennom eigne tiltak eller som høyringsinstans, ivareta barns interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt
- følgje med på at lovgiving til vern om barns interesser blir følgt, herunder om norsk rett og forvaltningspraksis samsvarer med dei forpliktingar Noreg har etter FNs konvensjon om barnets rettar
- foreslå tiltak som kan styrkje barns rettstryggleik
- foreslå tiltak som kan løyse eller førebyggje konflikhtar mellom barn og samfunn
- følgje med på at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og private om barns rettar og dei tiltak dei har behov for

BFD viser vidare til omtale i BFDs budsjettproposisjon for 2025.

## 3. Budsjettildeling og fullmakter

### 3.1. Tildelingar 2025

Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2024-2025), Innst. 14 S (2024-2025) og Stortingets budsjettvedtak av 16. desember 2024, blir følgjande midlar tildelt for 2025:

#### Kapittel 848

		( i 1 000 kroner)
Post	Nemning	Tildeling 2025
01	Driftsutgifter	25 040
Sum kap. 848		25 040

BFD stiller med dette ovanfornemnde løyving til disposisjon for Barneombodet.

## 3.2. Fullmakter 2025

### A. Budsjettfullmakter som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert:

- Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (post 01), på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.2.
- Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.3. Departementet viser også til [instruks om handtering av bygge- og leigesaker i statleg sivil sektor](#), og at det er obligatorisk å nytte Statsbygg som rådgjevar i leigesaker der summen av framtidige forpliktingar overstig 30 mill. kroner.

### B. Budsjettfullmakter som verksemda må søkje Barne- og familiedepartementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle:

- Overføring av ubrukt driftsløyving frå eit år til neste, jf. Løyvingsreglementet § 5.
- Overskriding mot innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjettår, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.6.
- Overskriding av driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter, på dei vilkår som går fram av rundskriv R-110, punkt 2.4.

## 4. Forvaltning, styring og utvikling

### 4.1. Regjeringas fellesføringar

Regjeringa har gitt si tilslutning til at departementa skal ta inn følgjande fellesføringar i tildelingsbrev for 2025:

#### a) Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Barneombodet skal følgje opp dette målet. I dette arbeidet skal det takast omsyn til ivaretaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet. Barneombodet skal også vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Barneombodet skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, samt auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

#### b) Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgivarane skal, i samarbeid med dei tillitsvalde, sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå ut frå verksemda sin eigenart og storleik. Barneombodet skal i årsrapporten informere om talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing

og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025 og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Verksemda skal også omtale utviklinga i 2025 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2024.

### c) Redusere konsulentbruken

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere konsulentbruken ved å utvikle eigen kompetanse. Barneombodet skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast. Barneombodet skal i årsrapporten for 2025 rapportere om konsulentbruken og oppfølginga av fellesføringa, herunder om totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er iverksett og konkrete resultat. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der konsulentar blir nytta i særleg grad, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare.

Barneombodet skal som ein del av rapporteringa også gi ei overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda i note til årsrekneskapen spesifisere dette nærare. Dersom verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette gå fram særskilt.

## 4.2. Regjeringas tillitsreform

BFD viser til at regjeringas tillitsreform er eit viktig og pågåande prosjekt. Barneombodet blir også i 2025 bedt om å vurdere relevante tiltak innanfor eige ansvarsområde som kan inngå som del av tillitsreforma. I årsrapporten for 2025 skal Barneombodet rapportere om status for dette arbeidet og kva prosessar som er vurderte og gjennomførte.

## 4.3. Digitalisering

Ny nasjonal digitaliseringsstrategi blei lagt fram 26. september 2024. Vi viser til krav og føringar i denne, og særskilt til krav og føringar om KI, og deling og gjenbruk av data. Vi viser til Digitaliseringsrundskrivet og tidlegare års tildelingsbrev der arbeidet med deling og gjenbruk av data i Barneombodet er vektlagt.

Oppdrag (O) i 2024	Rapportering
Barneombodet blir bedt om å informere om korleis verksemda arbeider med tilgang til data, herunder korleis det blir tilrettelagt for deling og gjenbruk av data for eigen tenesteutvikling og med andre. Barneombodet blir også bedt om å gjere greie for ev. utfordringar for deling og gjenbruk av data, i tillegg til pågåande arbeid og planar på dataområdet.	1. tertialrapport og Årsrapport 2025

#### 4.4. Digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap

Vi viser til dei ugraderte trusselvurderingane frå etterretnings-, overvåkings- og tryggingstenestene (EOS-tenestene), der det går fram at etterretningstrusselen frå framand statleg etterretning er skjerp. Cyberoperasjonar og rekruttering av innsidarar vil vere blant dei mest sentrale metodane som trusselaktørane nyttar. Departementet legg til grunn at Barneombodet utviklar og opprettheld kompetanse basert på trussel- og risikobildet, og har evne til å gjere relevante vurderingar av eigen tryggleik og aktuelle tiltak.

BFD legg til grunn at Barneombodet etterlever Nasjonal tryggingsorgan (NSM) sine [grunnprinsipp for IKT-tryggleik](#) og at verksemda følgjer [NSMs råd og tilrådingar for betre tryggleik på mobile einingar](#).

Oppdrag (O) i 2025	Rapportering
Barneombodet skal beskrive gjennomførte krise- og beredskapsøvingar. Beskriv kort dei viktigaste læringspunkta frå evalueringa av øvingane og korleis desse blir følgde opp.	Årsrapport
Barneombodet skal i 2025 oppdatere: <ul style="list-style-type: none"> <li>• risiko- og sårbarheitsanalyser</li> <li>• krise- og beredskapsplanverk og</li> <li>• plan for å kunne oppretthalde tenesteleveransar ved eventuelt bortfall av samfunnskritisk infrastruktur som elektronisk kommunikasjon (EKOM), kraft og vatn.</li> </ul>	Årsrapport

#### 4.5. Oppfølging av språklova § 13 og § 14

Rapportering frå Språkrådet for 2023 viser at Barneombodet ikkje oppfyller alle krava i språklova § 13 om bruk av bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. I samsvar med § 14 skal statsorgan også gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig.

Departementet ber om at dette får prioritet i 2025. I årsrapporten for 2025 skal Barneombodet informere om korleis ombodet har arbeidd for å nå krava i språklova.

Resultatet for Barneombodet i 2023 var ifølgje Språkrådet følgjande:

- Funn sosiale medium 31 prosent er på nynorsk. – oppfyller kravet
- Ny tekst på hovudnettstaden 5 prosent er på nynorsk. – under kravet
- All tekst på hovudnettstaden 16 prosent er på nynorsk. – under kravet

#### 4.6. Oppfølging av saker frå Riksrevisjonen

I dei tilfella der Riksrevisjonen har teke opp konkrete forhold, skal Barneombodet iverksette nødvendige tiltak slik at dei forholda som blir påpeikte blir retta opp.

Departementet ber om å bli orientert om korleis eventuelle merknader frå

Riksrevisjonen er eller vil bli følgt opp i styringsdialogen. Barneombodet skal sende departementet kopi av svarbrev til Riksrevisjonen når korrespondansen går direkte mellom Riksrevisjonen og Barneombodet.

## 5. Rapportering og resultatoppfølging

### 5.1. Verksemds- og rekneskapsrapportering

Departementet vil innhente opplysningar om rekneskapsutviklinga i løpet av året og kome tilbake med nærare informasjon om tidsfristar for denne rapporteringa. Det skal rapporterast på ein slik måte at både forbruk per dato og planlagt forbruk for resten av året kjem fram på ein detaljert, ryddig og oversiktleg måte. Om nødvendig må Barneombodet på departementets førespurnad kunne gi rask dokumentasjon på rekneskaps- og resultatutviklinga.

Det er viktig at årsakene til vesentlege avvik frå mål og resultatkrav blir forklart på ein utfyllande måte. Rapporteringa vil danne grunnlag for utarbeidinga av rapporteringa i Prop. 1 S.

Årsrapport og rekneskap for budsjettåret 2025 skal sendast departementet innan 15. mars 2026. Årsrapporten skal presentere ei heilskapleg vurdering av verksemda sitt ansvarsområde, herunder ei kvalitativ vurdering av:

- mål- og resultatoppnåing og gjennomføringa av tiltak
- effekten av eigen innsats og prioriteringar
- risiko og særlege utfordringar.

Tertialrapportane er hovudsakleg avviksrapportar der verksemda skal gjere greie for avvik, risiko for avvik og verksemda si handtering av dette.

### 5.2. Rapportering på særskilte tema

Tema	Oppdrag	Rapportering
Risikovurderingar	Gjere greie for risikovurderingar og presentasjon av risikoreduserande tiltak knytt til mål- og resultatkrav i tildelingsbrevet.	Første tertialrapport
Aktivitets- og utgreiingsplikter	Gjere greie kort for verksemda si oppfølging av likestillings- og diskrimineringslova.	Årsrapport
FNs berekraftsmål	Rapportere på verksemda si oppfølging av berekraftsmåla	Årsrapport del III
Regjeringas fellesføringar	Rapportere i tråd med punkt 4.1 over	Årsrapport
Tillitsreforma	Rapportere i tråd med punkt 4.2 over	Årsrapport
Språklova	Rapportere i tråd med punkt 4.5 over	Årsrapport

## 6. Styringskalender

Aktivitet	Tidspunkt	Innhold
Første dialogmøte	april 2025	Førebels agenda: <ul style="list-style-type: none"><li>- rekneskap 2024 og budsjett 2025</li><li>- årsrapport 2024</li><li>- risikovurderingar av eigne mål og strategiar</li><li>- orientering om aktuelle saker</li><li>- eventuelt</li></ul>
Andre dialogmøte	oktober 2025	Førebels agenda: <ul style="list-style-type: none"><li>- rekneskap og budsjett 2025</li><li>- budsjett 2026</li><li>- orientering om aktuelle saker</li><li>- eventuelt</li></ul>

Kopi: Riksrevisjonen